

<b>INNLEING.....</b>	<b>3</b>
<b>1. KVA GIR RETT PÅ GRATIS SKULESKYSS? .....</b>	<b>4</b>
<b>1.1 Avstand mellom heim og skule .....</b>	<b>4</b>
<b>1.2 Særleg trafikkfarleg skuleveg .....</b>	<b>4</b>
<b>1.3 Skyss med båt.....</b>	<b>4</b>
<b>1.4 Skyss for elevar med varig funksjonshemmning.....</b>	<b>5</b>
<b>1.5 Skyss for elevar med mellombels skade/sjukdom .....</b>	<b>5</b>
<b>1.6 Vaksne med rett til vidaregåande opplæring .....</b>	<b>6</b>
<b>1.7 Yrkes- og studiekompetanse, YSK .....</b>	<b>6</b>
<b>1.8 Oppfølgingstenesta.....</b>	<b>6</b>
<b>2 ELEVGRUPPER SOM IKKJE HAR SKYSSRETT .....</b>	<b>6</b>
<b>2.1 Lærlingar, praksisbrevkandidat og lærekandidat.....</b>	<b>6</b>
<b>2.2 Hospitantar .....</b>	<b>7</b>
<b>3 ELEVEN SIN HEIM .....</b>	<b>7</b>
<b>3.1 Adresse.....</b>	<b>7</b>
<b>3.2 Delt bustad .....</b>	<b>7</b>
<b>3.3 Hybel.....</b>	<b>8</b>
<b>3.4 Fosterheim .....</b>	<b>8</b>
<b>3.5 Avlastningsheim .....</b>	<b>8</b>
<b>3.6 Mellombels bustad utanfor heimen/fleire bustader i løpet av året .....</b>	<b>8</b>
<b>3.7 Elevar på institusjon .....</b>	<b>9</b>
<b>3.8 Heimreise i helgar for funksjonshemma internatelevar.....</b>	<b>9</b>
<b>3.9 Asylmottak .....</b>	<b>9</b>
<b>4. ELEVEN SIN SKULE/OPPLÆRINGSSTAD .....</b>	<b>9</b>
<b>4.1 Undervisning utanfor skulen sitt område .....</b>	<b>9</b>

<b>4.2</b>	<b>Obligatorisk utplassering/praksis.....</b>	<b>9</b>
<b>4.3</b>	<b>Skyss til friskular (private vidaregåande skular).....</b>	<b>10</b>
<b>4.4</b>	<b>Skuleplass i anna fylke .....</b>	<b>10</b>
<b>4.5</b>	<b>Opphold på kompetancesenter .....</b>	<b>11</b>
<b>4.6</b>	<b>Landslinje og statlege vidaregåande skular .....</b>	<b>11</b>
<b>5.</b>	<b>TILRETTELAGT SKYSS .....</b>	<b>11</b>
<b>5.1</b>	<b>Generelle reglar .....</b>	<b>11</b>
<b>5.2</b>	<b>Eleven sine rettar og plikter i samband med tilrettelagt skyss .....</b>	<b>11</b>
<b>5.3</b>	<b>Privat skyss (avtale om skuleskyss utført med eige transportmiddel) .....</b>	<b>12</b>
<b>6.</b>	<b>REFUSJON AV UTGIFTER VED MANGLANDE SKYSSTILBOD (SKYSSGODTJERING) .....</b>	<b>12</b>
<b>7.</b>	<b>SKYSSTANDARD OG REISETID.....</b>	<b>13</b>
<b>7.1</b>	<b>Organisering av skysstilbod.....</b>	<b>13</b>
<b>7.2</b>	<b>Akseptabel gangavstand til transportmiddel.....</b>	<b>13</b>
<b>7.3</b>	<b>Akseptabel reisetid .....</b>	<b>13</b>
<b>7.4</b>	<b>Reisefølgje og tilsyn .....</b>	<b>14</b>
<b>7.5</b>	<b>Innlosjering.....</b>	<b>14</b>
<b>8</b>	<b>SAMORDNING.....</b>	<b>14</b>
<b>8.1</b>	<b>Generelle reglar .....</b>	<b>14</b>
<b>8.2</b>	<b>Informasjonsplikt.....</b>	<b>15</b>
<b>9.</b>	<b>REGLAR FOR BRUK AV SKULEKORT .....</b>	<b>15</b>
<b>9.1</b>	<b>Generelle reglar .....</b>	<b>15</b>
<b>9.2</b>	<b>Tap og feil på kort.....</b>	<b>15</b>
<b>9.3</b>	<b>Misbruk .....</b>	<b>15</b>
<b>10.</b>	<b>VEDTAK OG KLAGERETT.....</b>	<b>15</b>

## **INNLEING**

Fylkeskommunen er i følgje opplæringslova ansvarleg for skuleskyss for elevar i vidaregåande skule og har vedtaksmynde i slike saker. I Vestland fylke er Skyss/Kringom ansvarleg for skuleskyss og fattar vedtak for Vestland fylkeskommune.

Som skuleskyss blir rekna den daglege skyssen mellom heim og skule til skulen sine ordinære start- og sluttider.

For skulane i tidlegare Hordaland skal ein nytte søknadssystemet CERT og det er skulen som søker om skuleskyss på vegne av elevane. Tidlegare Sogn og Fjordane skal nytte søknadssystemet Kringom skule, det er elevane sjølv som skal söke om skuleskyss. Fristen for å söke er snarast råd etter skuleinntaket.

Skyss/Kringom må ha tilstrekkeleg tid til å planlegge og organisere skyssen. Dette inneberer at sökjrarar må akseptere at det kan ta noko tid før skysstilbodet blir sett i gang etter at söknad er meldt inn. I samband med skulestart i august må ein rekne med inntil 14 dagar handsamingstid på nye söknader og endringar i eksisterande söknader.

I medhald av forskrift til opplæringslova § 10-3 har Fylkesmannen i Vestland gitt dispensasjon til tidlegare Hordaland fylkeskommune om regelen til gratis skuleskyss etter § 7-2 i opplæringslova i dei områda av fylket der det er eit tilfredsstillande kollektivtilbod på fritida. For Vestland fylkeskommune gjeld dette Bergensområdet («ungdomsbillettområdet»). Dette inneber i praksis at elevar i vidaregåande skule som har adresse innanfor «ungdomsbillettområdet» og oppfyller avstandsvilkåret for skuleskyss som hovudregel ikkje får innvilga gratis skuleskyss og må kjøpe 30-dagars ungdomsbillett sjølv. Dette gjeld og med omsyn til skyss til/frå utplassering/praksisplass. Sjå [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss) for meir informasjon om bruk av ungdomsbillett til skuleskyss. Her finst også kart over «ungdomsbillettområdet».

Skuleskyss som blir utført av Skyss/Kringom skal primært gjennomførast som del av den ordinære kollektivtrafikken.

## **1. KVA GIR RETT PÅ GRATIS SKULESKYSS?**

### **1.1 Avstand mellom heim og skule**

*Opplæringslova § 7-2*

Elevar i vidaregåande skule som bur seks kilometer eller meir frå skulen, har rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle.

#### **Kommentar**

Avstandsgrensa på 6 km er absolutt. Det er ikkje rom for å utøve skjønn med omsyn til avstanden.

Ved oppmåling av avstand nyttar Skyss/Kringom digitale geografiske kart. Kartgrunnlaget og vegdata kjem frå Kartverket (Skyss) og Fylkesatlas (Kringom). Private oppmålingar med til dømes bil og GPS blir ikkje vektlagt i klagesaker.

Avstanden mellom heim og skule vert målt langs kortaste gangbare veg rekna frå dør til dør. Dersom det er fleire inngangsdører eleven kan bruke på skulen, skal avstanden målast til den døra eleven brukar mest.

Med gangbar veg meiner vi vegar som ikkje er skilta forbode for gåande. I tillegg til offentleg veg, blir også gangvegar, stiar og private vegar som er open for allmenn ferdsel rekna som gangbar veg. Det avgjerande er om vegen er som open for gåande.

#### **Unntak frå retten til fri skuleskyss – «ungdomsbillettområdet»**

I medhald av forskrift til opplæringslova § 10-3 har Fylkesmannen i Vestland gitt dispensasjon til tidlegare Hordaland fylkeskommune om regelen til gratis skuleskyss etter § 7-2 i opplæringslova i dei områda av fylket der det er eit tilfredsstillande kollektivtilbod på fritida. For Vestland fylkeskommune gjeld dette Bergensområdet («ungdomsbillettområdet»).

Dette inneber i praksis at elevar i vidaregåande skule som har adresse innanfor «ungdomsbillettområdet» og oppfyller avstandsvilkåret for skuleskyss som hovudregel ikkje får innvilga gratis skuleskyss og må kjøpe 30-dagars ungdomsbillett sjølv. Dette gjeld også elevar som ikkje enno er fylt 16 år. Elevar som er fylt 21 år på søknadstidspunktet og som oppfyller vilkåra i § 7-2 har likevel framleis rett på gratis skuleskyss sjølv om dei bur innanfor «ungdomsbillettområdet».

Sjå [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss) for meir informasjon om bruk av ungdomsbillett til skuleskyss. Her finst også kart over «ungdomsbillettområdet».

### **1.2 Særleg trafikkfarleg skuleveg**

Elevar som har ein avstand på mindre enn 6 km frå bustad til skule eller mindre enn 3 km frå bustad til påstigningsstad, har ikkje rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle sjølv om dei grunngjev søknaden med særleg farleg skuleveg. Etter opplæringslova er det berre grunnskuleelevar som har rett på skyss grunna særleg farleg skuleveg.

### **1.3 Skyss med båt**

*Opplæringslova § 7-2*

Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.

## **Kommentar**

Gangavstand til haldeplass/oppsamlingsplass på 3 km gjeld også ved båttransport.

Søknad om privat skyss med båt skal skulen/føresette sende til Skyss/Kringom, som fattar vedtak i saka. Skyss/Kringom har avgjerdsmynne i saker vedkomande privat båttransport. Reglane om «ungdomsbillettområde» gjeld også med omsyn til båttransport.

### **1.4 Skyss for elevar med varig funksjonshemming**

*Opplæringslova § 7-3*

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heim og opplæringsstaden.

## **Kommentar**

Det må vere funksjonshemminger eller sjukdomen som gjer at eleven har behov for skuleskyss. Omgrepene «funksjonshemming» vil kunne omfatte både varige fysiske og psykiske funksjonsvanskar.

Skyssbehovet må vere dokumentert med legeerklæring eller erklæring frå behandlande psykolog. Erklæringa må innehalde diagnose og skildring av eleven sin evne til å handtere reisa mellom heim og skule. Skildringa må seie noko om:

- Grunnen for kvifor eleven treng skyss
- Kva slags type skyss eleven treng (buss, privatskyss (utført med eige transportmiddel), drosje/tilrettelagt skyss)
- Tidsrom for når eleven treng skyss (veker, månader, år).

I særskilte tilfelle kan Skyss/Kringom be om vurdering utover dette, til dømes av PP-tenesta. Mangefull erklæring frå lege/behandlande psykolog kan resultere i lengre saksbehandlingstid – og i enkelte tilfelle avslag på søknaden.

Den fylkeskommunale legenemnda beståande av spesialistar innan allmennmedisin vil kunne vurdere legeerklæringa, og vurdere eleven sitt transportbehov.

Alle elevar skal i utgangspunktet nytte kollektivtransport i samband med skuleskyss, og behov for tilrettelagt skuleskyss med drosje/privat skyss utført med eige transportmiddel må vere dokumentert gjennom legeerklæring eller erklæring frå behandlande psykolog.

Skuleeigar har ansvaret for følgjeperson, dersom eleven har behov for det.

### **1.5 Skyss for elevar med mellombels skade/sjukdom**

*Opplæringslova § 7-3*

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heim og opplæringsstaden.

## **Kommentar**

Mellombels skuleskyss blir brukt når eleven har ein skade eller ein sjukdom, og det er naudsynt med transport mellom heim og skule i ein kortare periode (maksimalt 8 veker).

Skyssbehovet må vere dokumentert med legeerklæring eller erklæring frå behandlande psykolog. Erklæringa må innehalde diagnose og skildring av eleven sin evne til å handtere reisa mellom heim og skule. Skildringa må seie noko om:

- Grunnen for kvifor eleven treng skyss
- Kva slags type skyss eleven treng (buss, privatskyss (utført med eige transportmiddel), drosje/tilrettelagt skyss)
- Tidsrom for når eleven treng skyss (veker, månader, år).

Alle elevar skal i utgangspunktet nytte kollektivtransport i samband med skuleskyss, og behov for tilrettelagt skuleskyss med drosje/privat skyss utført med eige transportmiddel må vere dokumentert gjennom legeerklæring eller erklæring frå behandlande psykolog.

Skuleeigar har ansvaret for følgjeperson, dersom eleven har behov for det.

## **1.6 Vaksne med rett til vidaregåande opplæring**

*Rundskriv Udir-2-2008*

Vaksne elevar som er tatt inn på vidaregåande skule gjennom ordinært inntak, har rett til skuleskyss på lik linje med andre elevar.

Vaksne som er tatt inn på vidaregåande skule med heimel i opplæringslova § 4A-3 (tilbod spesielt organisert for vaksne), har ikkje rett på skyss.

Elevar som tek kurstilbod på ein vidaregåande skule har ikkje krav på skyss eller godtgjering.

### **Kommentar**

Vaksne som er tatt inn i vidaregåande skule på særskilte vilkår, til dømes attføring eller går på særskilte linjer spesielt oppretta for vaksne, har ikkje rett på skyss. Desse fell utanfor skyssansvaret etter opplæringslova.

## **1.7 Yrkes- og studiekompetanse, YSK**

Elevar ved yrkes- og studiekompetanse, YSK, har rett til skuleskyss til den teoretiske delen ved skulen.

Dei to første åra har eleven rett til gratis skyss eller skyssgodtgjersle også når dei er i praksis. Dette gjeld til praksis både i helgar, feriar og fridagar.

Dei to siste åra er dei lærlingar med lærekontrakt og har såleis ikkje rett på gratis skyss eller skyssgodtgjersle.

## **1.8 Oppfølgingstenesta**

Elevar som er knytt til Oppfølgingstenesta blir rekna som ordinære elevar etter §§ 7-2 og 13-4.

## **2 ELEVGRUPPER SOM IKKJE HAR SKYSSRETT**

### **2.1 Lærlingar, praksisbrevkandidat og lærekandidat**

*Opplæringslova § 4-1*

Lærlingar, praksisbrevkandidat og lærekandidat vert ikkje definert som elev og har difor ikkje rett til skyss etter opplæringslova.

### **Kommentar**

Unnataket er elevar som får slutttopplæring på skule og ikkje i bedrift, og framstiller seg til fag- eller sveineprøve som elev. Desse har rett til skuleskyss som andre elevar etter gjeldande reglar.

## **2.2 Hospitantar**

Elevar som etter avtale mellom ungdomsskule/rehabiliteringsteam/behandlingsinstitusjon og elev/føresette hospiterer i den vidaregåande skule i eitt år før vidaregåande opplæring startar opp, har ikkje rett på skuleskyss etter opplæringslova.

## **3 ELEVEN SIN HEIM**

### **3.1 Adresse**

*Rundskriv Udir-2-2019*

Elevar har rett til skyss til og frå sin heim dersom vilkåra for skyss elles er oppfylt. Eleven sin heim er i utgangspunktet den adressa eleven står oppfør med i folkeregisteret. Ved delt bustad kan begge føresette sin bustad vere eleven sin heim. Asylmottak, fosterheim og avlastningsheim kan også bli rekna som eleven sin heim.

### **3.2 Delt bustad**

*Rundskriv Udir-2-2019*

Elevar som har delt bustad vil vere folkeregistrert på ei adresse sjølv om dei deler tida mellom to heimar. For å ha rett til gratis skuleskyss, må eleven sitt opphold vere ei rimeleg fast, planlagt og regelmessig ordning, ikkje improvisert enkeltbesøk. Det er ikkje eit krav om at eleven bur like mykje i kvar heim, men det avgjerande er at eleven faktisk bur to stadar.

Der eleven har delt bustad og dagleg skyss til ein av heimane ikkje vil vere forsvarleg, må føresette enten sjølve ordne skyss, revurdere eleven sin busituasjon eller innlosjere eleven.

Elevar med to heimar vil kunne ha rett til skyss til og frå begge heimane, sjølv om den eine heimen ligg i ein annan kommune eller i eit anna fylke enn skulen eleven går på.

### **Kommentar**

For å ha rett til skyss frå begge bustader må vilkåra for skyssrett i opplæringslova vere oppfylt (§7-2 og 7-3) for begge adressene.

Skyss/Kringom er ansvarleg for å organisere eit forsvarleg skysstilbod. Vurdering av om eleven har rett til skyss, kva som er akseptabel reisetid og kva som er forsvarleg skyss vil bli gjort sjølvstendig og konkret for begge heimane. Dersom ein av dei føresette bur slik til at dagleg skyss ikkje kan organiserast innanfor akseptabel reisetid og kan reknast for samfunnsøkonomisk forsvarleg, vil eleven ikkje ha rett til gratis skyss til og frå denne heimen.

Rett til skyss frå begge føresette vert godkjent når det ligg føre ein signert avtale av begge føresette der fordelinga av samværet er beskrive. Mellombels endringar frå den faste planen gjev ikkje rett på skyss.

Bur eleven i to fylke er det fylket der eleven er folkeregistrert i som er ansvarleg for eleven og kostnader knytt til skuleskyssen.

### **3.3 Hybel**

Dersom eleven bur på hybel blir denne rekna som eleven sin bustad. Heimreiser til føresette sin bustad i helgar, feriar eller fridagar blir ikkje dekka.

### **3.4 Fosterheim**

*Rundskriv Udir-2-2019*

Elevar i fosterheim har rett til gratis skuleskyss mellom fosterheimen og skulen dersom opplæringslova §§ 7-2 eller 7-3 er oppfylt. I så tilfelle er det den fylkeskommunen der eleven budde då plasseringa i fosterheim blei vedteke som er ansvarleg for skyssen.

Dersom eleven ikkje kan nytte offentleg kollektivtransport må skyssmiddel avklarast i samarbeid mellom heimfylket og fylket der eleven bur.

### **3.5 Avlastningsheim**

*Rundskriv Udir-2-2019*

Avlastningsheimen vert rekna for eleven sin heim dei dagane eleven er i avlasting.

#### **Kommentar**

Det er berre avlastning godkjent av kommunen etter enkeltvedtak som gir rett på fri skuleskyss, når vilkåra for dette er oppfylt. Kopi av enkeltvedtaket om avlastning må leggjast ved søknaden om skyss til/frå avlastningsheimen.

### **3.6 Mellombels bustad utanfor heimen/fleire bustader i løpet av året**

*Rundskriv Udir-2-2019*

Elevar som i ein særskilt situasjon mellombels må bu utanfor heimen, har rett til å fortsette på den skulen eleven går på. Dette betyr at born som i særskilte situasjonar mellombels bur utanfor heimen vil ha rett til skyss dersom vilkåra for skyss er innfridd. Dette gjeld også om mellombels bustad er i ein annan kommune/fylke. Retten til skyss vil ikkje gjelde private ordningar som ikkje kjem av offentleg vedtak.

Uforsvarleg lang reisetid kan likevel føre til at eleven må bytte skule ved mellombels flytting.

I tilfelle der eleven bur mellombels utanfor heimen må det bli tatt omsyn til at eleven er i ein vanskeleg livssituasjon. Involverte instansar bør av omsyn til eleven vere fleksible og ha evne til å ta raske avgjersler.

#### **Kommentar**

Døme på mellombels bustad kan vere mellombels opphold på krisesenter, barnevernsinstitusjon eller helseinstitusjon eller opphold i mellombels avlastnings-/fosterheim.

Bustad utanfor heimen som skuldast andre meir «frivillige tilhøve» som t.d. oppussing/utleige av heimen, gir ikkje rett til gratis skuleskyss. Utgifter til skuleskyss grunna mellombels bustad utanfor heimen grunna brann, vannskade eller liknande dekkast ikkje av opplæringslova sine føresegner.

Ved barnevernssaker (vedtak om at eleven skal bo på korttidsinstitusjon eller i midlertidig fosterheim) har det statlege eller kommunale barnevernet som har fatta vedtaket ansvar for meirkostnader ved skyss fram til barnet har fått ein meir permanent bustad.

Elevar som har fleire faste bustader i løpet av skuleåret (til dømes dersom heimen driv turistbedrift med sesongdrift, stølsdrift), har rett på skyss dersom vilkåra for å få skyss elles er oppfylt. Har bustaden funksjon som ferie- eller fritidsbustad, har elevar ikkje rett på skyss.

### **3.7 Elevar på institusjon**

*Opplæringslova § 13-3a, Rundskriv Udir-2-2019*

Elevar på institusjon har rett til gratis skuleskyss dersom vilkåra elles er oppfylt. Fylkeskommunen der institusjon ligg, er ansvarleg for vidaregåande opplæring og eventuell skuleskyss. Dette gjeld institusjonar som er eigd av eit regionalt helseføretak og private institusjonar som har avtale med regionale helseføretak.

### **3.8 Heimreise i helgar for funksjonshemma internatelevar**

For funksjonshemma elevar som bur på internat dekkjer Skyss/Kringom inntil 6 heimreiser pr. skuleår. Det er ein føresetnad at eleven nyttar det rimelegaste kollektive transportmiddelet.

Dersom opphaldet ved skulen berre omfattar deler av skuleåret blir talet på heimreiser avkorta tilsvarande.

### **3.9 Asylmottak**

*Opplæringslova § 3-1*

Elevar som bur i asylmottak har rett til fri skuleskyss etter opplæringslova §§ 7-2, 7-3 og 7-4 når eleven mottek vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1. Asylmottaket blir rekna som eleven sin heim.

## **4. ELEVEN SIN SKULE/OPPLÆRINGSSTAD**

### **4.1 Undervisning utanfor skulen sitt område**

Skyss av elevar i skuletida mellom ulike undervisningsstadar, som til dømes køyring til gymnastikk og symjeundervisning, fell utanfor Skyss/Kringom sitt skyssansvar. Det same gjeld transport i samband med utflukter, ekskursjonar, teoriundervisning, spesialpedagogiske tiltak som vert lagt utanfor skulen, og liknande. Den enkelte skule må organisere og finansiere denne skyssen.

### **4.2 Obligatorisk utplassering/praksis**

I dei tilfella arbeidspraksis eller utplassering av elevar er ein obligatorisk del av undervisninga blir skyss dekka etter same reglar som for skyss mellom heim og skule. Reglane om Ungdomsbillett gjeld også med omsyn til skyss til/frå utplassering/praksis.

Det er ein føresetnad at praksisstaden er i Vestland fylke. Unntak for elevar som bur i grenseområde til andre fylke. Dei kan få dekka reiseutgifter til praksisstad i nabofylke dersom reiseavstanden er forsvarleg for dagleg skyss.

## **Kommentar**

Elevar som må bu vekke i samband med praksis kan få godtgjering for dagleg skyss mellom bustad på praksisstad og praksisplassen når avstanden er 6 km eller meir. Reisa til bustad på praksisstad blir ikkje dekka, med mindre det kan dokumenterast at det ikkje er mogeleg for eleven å få praksisplass nærmare heimen. Skyss/Kringom vil i slike tilfelle dekke ein tur/retur pr. praksisperiode.

Det er ein føresetnad at elevar som får dekka skyss i samband med obligatorisk utplassering/praksis nyttar det rimelegaste kollektive transportmiddel. Ved krav om refusjon skal kvitteringar leggjast ved. Refusjonskrav utan kvittering vil ikkje bli utbetalt.

Reglane om «ungdomsbillettområde» gjeld også med omsyn til skyss til obligatorisk utplassering/praksis (sjå punkt 1.1).

## **4.3 Skyss til friskular (private vidaregåande skular)**

*Friskulelova § 3-7, Opplæringslova § 3-1*

Elevar ved friskular som mottek statsstøtte har rett til skyss etter reglane i opplæringslova §§ 7-2, 7-3 og 7-4. Privatskular utan statsstøtte er ikkje omfatta av retten til skuleskyss.

For elevar i vidaregåande skular gjeld retten til skyss, reisefølgje og tilsyn berre innanfor fylkeskommunegrensa i den fylkeskommunen der eleven bur.

## **4.4 Skuleplass i anna fylke**

*Opplæringslova § 7-2, Forskrift til opplæringslova §§ 10-1 og 19-2*

Reglementet gjeld og for elevar heimehøyrande i Vestland som går på skule i andre fylke dersom ein av følgjande føresetnader er oppfylte:

- a) Eleven går på ei line som det ikkje er tilbod om i Vestland
- b) Eleven får ikkje skuletilbod/praksisplass i Vestland
- c) Eleven går på skule utanom fylket etter avtale mellom Vestland fylkeskommune og vedkomande fylke (gjesteelev)
- d) Eleven, som på dokumentert grunnlag frå lege, tek utdanning i anna fylke

Ein gjesteelev er i § 19-2 i forskrift til opplæringslova definert som elev som er tatt inn til eit vidaregåande skuletilbod i eit fylke der eleven ikkje er folkeregistrert pr. 1. januar det året kurset startar. Folkeregistrert adresse pr. 1. januar er avgjerande for kva for eit fylke som har økonomisk ansvar for skuleplass og skuleskyss det komande skuleåret dersom det ikkje føreligg særskilte avtalar mellom fylkeskommunane.

## **Kommentar**

Eleven er sjølv ansvarleg for å sende søknad om skuleskyss/skyssgodtgjersle til fylkeskommunen. Eleven må legge ved stadfesting frå opplæringsavdelinga på at skuleplass i anna fylke er innvilga.

Fylkeskommunen har ikkje ansvar for skyss når eleven sjølv vel vidaregåande opplæring i eit anna fylke dersom fylkeskommunen gir tilsvarande tilbod.

Elev heimehøyrande i andre fylke som har gjeste-elevplass eller som av «eigen fri vilje» går på skule i Vestland, må søkje skyssrefusjon frå heimfylket.

Skyssretten gjeld berre mellom hybel/internat og skule når avstanden er 6 km eller meir.

#### **4.5 Opphold på kompetancesenter**

Reiseutgifter i samband med opphold på kompetancesenter blir dekka av Skyss/Kringom etter rimelegaste kollektive reisemåte.

Eleven må på førehand søkje om å få dekka reiseutgiftene.

#### **4.6 Landslinje og statlege vidaregåande skular**

*Opplæringslova §§ 7-2 og 13-4 og Forskrift til opplæringslova*

Elevar som tar vidaregåande utdanning ved statlege vidaregåande skular eller landslinjer har rett på skyss mellom heim (hybel/internat) og skule etter dei same retningslinjene som andre elevar. Reiseutgifter blir dekka etter rimelegaste kollektive reisemåte.

### **5. TILRETTELAGT SKYSS**

#### **5.1 Generelle reglar**

I særskilte tilfelle kan Skyss/Kringom godkjenne tilrettelagt skyss til/frå skulen. Vilkår for å kunne søke om tilrettelagt skyss er:

- manglande offentleg rutetilbod
- strekninga mellom heim og offentleg skyssmiddel er over 3 km (sidevegsskyss)
- behov for skyss på medisinsk grunnlag (grunna mellombels eller varig funksjonshemmning/sjukdom)

Det er Skyss/Kringom som skal innvilge og organisere tilrettelagt skyss. Det kan gjelde heile eller deler av skulevegen.

Ved manglande offentleg rutetilbod kan Skyss/Kringom velje anten å organisere eit tilrettelagt skysstilbod eller å gi full skyssgodtgjersle til eleven/føresette (sjå kap. 6 for nærmare omtale).

#### **Kommentar**

Tilrettelagt skyss inneber at det blir organisert eit tilrettelagt skysstilbod til eleven, t.d. med drosje. Skuleskyss utført med drosje erstattar rutegåande transport, og er ikkje ei bestillingsdrosje der hentetider kan endrast etter behov – dette gjeld også skyss på medisinsk grunnlag.

Føresetnader for tilrettelagt skuleskyss:

- transportør som utfører tilrettelagt skuleskyss på vegne av Skyss/Kringom kan sette føringar for hente- og leveringstider
- skyssretten gjeld berre mellom heim og skule
- elevar må rekne med å bli henta/levert på ein oppsamlingsplass der dette er mogeleg

For elevar som har fått innvilga tilrettelagt skyss kan foreldre/føresette søke om å utføre dette som eigentransport med refusjon (sjå kap. 5.3 for nærmare informasjon om privat skyss).

#### **5. 2 Eleven sine rettar og plikter i samband med tilrettelagt skyss**

Skyssretten er avgrensa til skulen sine ordinære start- og sluttider. Elevar som har innvilga skyss på medisinsk grunnla kan få skuleskyss til tilrettelagt timeplan om behovet er dokumentert og timeplanen er fast.

Elev/føresette/skule gjer avtale med transportøren om faste hente- og bringetider med utgangspunkt i dei ordinære start- og sluttidene. Elevar har ikkje rett til å bli henta til uregelmessige tider. Dette gjeld til dømes skuleavslutningar, eksamen og liknande.

Eleven må vere klar til avtalt tid. Grunna køyreplan og samkjøring kan transportør køyre vidare dersom eleven ikkje er klar til avtalt tid.

Transportøren kan legge opp køyreruta slik at eleven kan kome til skulen inntil 15 minutt før starttid og bli henta på skulen inntil 15 minutt etter siste time. Det kan bli gjort unntak frå dette dersom det er dokumenterte medisinske årsaker som krev ekstra tilrettelegging.

All skuleskyss er i utgangspunktet samordna. Dette gjeld også den tilrettelagte skyssen. Dette medfører at eleven kan få ekstra køyretid som følgje av slik samordning. Det kan også oppstå forseinkingar på inntil 15 minutt grunna trafikale forhold.

Transport mellom skule og medisinsk behandling er ikkje å rekne som skuleskyss. Dette er helseføretaka sitt ansvarsområde.

Henting utanom fastsette hentetider i samband med akutt sjukdom fell utanfor retten til skuleskyss etter opplæringslova.

### **5.3 Privat skyss (avtale om skuleskyss utført med eige transportmiddel)**

For elevar som har fått innvilga tilrettelagt skyss kan ein søke om å utføre dette som eigentransport etter refusjon. Dersom ein slik søknad blir godkjent blir kjøringa godtgjort etter gjeldande refusjonssatsar. I dei tilfella der privat skyss blir godtkjent skal det sendast inn refusjonskrav frå skyssutøvar ein gang pr. halvår. Refusjon for faktisk utført skyss blir utbetalt etterskotsvis etter at skulehalvåret er avslutta. Refusjonsskjema og informasjon om satsar for refusjon finn ein på [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss) og på [www.kringom.no/skuleskyss](http://www.kringom.no/skuleskyss).

Skyss/Kringom refunderer berre forhandsgodkjent privat kjøring. Søknader som sendast inn etter skulestart blir godtgjort frå den dato søknaden er sendt inn, dersom søknaden blir godkjent. Det er viktig at skulane overheld informasjonsplikta til dei føresette om rettane til skuleskyss.

Skyssutøvar som utfører privat skyss og kjører eins ærend får dekka reise både tur og retur.

## **6. REFUSJON AV UTGIFTER VED MANGLANDE SKYSSTILBOD (SKYSSGODTJERING)**

*Forskrift til opplæringslova § 10-1, Rundskriv Udir-3-2011*

Fylkeskommunen kan velje om elven skal få gratis skyss eller full skyssgodtgjering.

Eleven har rett til full skyssgodtgjering i dei tilfella fylkeskommunen ikkje gir tilbod om gratis skyss.

Ved bruk av privat bil, skal skysskostnadane bli dekte etter satsane for dekning av utgifter ved reise for undersøking og behandling, jf. forskrift 11. mars 1997 nr. 211. Eventuelle naudsynte kostnader som er større enn det satsen dekkjer, må dokumenterast. Slike kostnader kan mellom anna vere betaling av bompengar og ferjeturar.

### **Kommentar**

Når eleven har rett på skyss, men ikkje har eit tilgjengeleg og akseptabelt reisetilbod kan Skyss/Kringom anten velje å organisere eit tilrettelagt skysstilbod eller å gi full skyssgodtgjersle til eleven/føresette. Skyss/Kringom har avgjerdsmynde i slike saker.

Eleven får dekka skyss etter rimelegaste kollektive reisemåte eller bruk av eige transportmiddel. Utgifter utover dette må vere godkjent av Skyss/Kringom på førehand.

Alle utgifter utover kilometergodtgjering må dokumenterast. Dokumentasjonen skal kontrollerast av skulen. Berre dokumenterte utgifter blir refundert.

For alle refusjonar av utgifter til skuleskyss skal refusjonsskjema nyttast (sjå [www.skyss.no/skoleskyss](http://www.skyss.no/skoleskyss) og på [www.kringom.no/skuleskyss](http://www.kringom.no/skuleskyss)).

## 7. SKYSSTANDARD OG REISETID

### 7.1 Organisering av skysstilbod

Skyss/Kringom skal organisere eit skysstilbod som er rasjonelt og økonomisk forsvarleg. All skuleskyss er i utgangspunktet samordna. Dette gjeld også den tilrettelagde transporten.

Retten til skyss gjeld til skulen sine ordinære start- og sluttider, og ikkje til dømes ved fritak frå enkelttimar, heildagsprøve, tentamen, eksamen og skuleavslutning.

Skyss/Kringom avgjer om skyss av fleire elevar skal samordnast. Endringar av skyssløysing kan difor bli sett i verk på kort varsel.

### 7.2 Akseptabel gangavstand til transportmiddel

*Merknader frå Ot.prp. nr. 46 (1997-98), Rundskriv Udir-2-2019*

Skyssretten er knytt til strekninga mellom heim og skule. Eleven må pårekna å måtte ta seg fram ein rimeleg distanse til ein oppsamlingsplass.

Elevar som får skyss på grunn av funksjonshemmning, midlertidig skade eller sjukdom vil normalt ha krav på skyss frå sjølve heimen.

#### Kommentar

Skyss/Kringom legg til grunn ein gangavstand på inntil 3 kilometer til haldeplass/ oppsamlingsplass. Elevar som har lengre gangavstand enn dette til haldeplass / oppsamlingsplass kan søkje om tilrettelagt skyss på denne strekninga (sidevegsskyss). Det er ein føresetnad at vilkåra om avstand i opplæringslova § 7-2 er oppfylt.

Kilometergrensene for sidevegsskyss er rettleiande og i vurderinga av søknaden blir desse momenta vektlagt:

- avstand
- samla reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel)
- framkomst på veg (til dømes skilnad mellom vinter- og sommarføre)
- kostnad ved tilrettelagt skyss

### 7.3 Akseptabel reisetid

*Opplæringslova § 7-2, Merknader frå Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31 til § 7-2*

Skuleskyssen må organiserast på ein slik måte at elevane får ei akseptabel reisetid.

Målsettinga er at samla reise- og ventetid skal vere kortast mogleg, samtidig som ein tek omsyn til at ein får ei rasjonell og økonomisk god organisering av skuleskyssen.

#### Kommentar

Det er ikkje sett maksimale reisetider for skuleskyss i lovverket og elevane må akseptere ei viss reisetid i samband med skuleskyssen.

I vurdering av forsvarleg reisetid blir det i tillegg til samla reisetid lagt vekt på følgjande moment:

- kvar eleven må vente (på skulen, ute, i venterom)
- kor stor del av reisetida som er på transportmiddel
- rasjonell og samfunnsøkonomisk organisering av skyssen

Elevar med lang avstand mellom heim og skule må rekne med lengre samla reisetid. Ekstraordinær kostbare skyssordningar og skyssordningar med ikkje akseptable reisetider, kan medføre at dagleg skyss ikkje blir forsvarleg.

#### **7.4 Reisefølgje og tilsyn**

*Opplæringslova §§ 7-4, 9A-3 og 13-4, Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31, Merknader til Opplæringslova § 7-4, Rundskriv Udir-2-2019*

Elevar som har behov for tilsyn/følgje i samband med transport til og frå skule, har krav på dette. Skulen må dekkje alle kostnadene knytt til tilsynet eller følgjet, til dømes lön og reiseutgifter for den som følgjer eleven. Dette gjeld også dersom eleven kan gå til skulen med følgje.

Eleven har rett til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før undervisninga startar og etter at undervisningstida er avslutta. Skulen har ansvar for tilsynet.

##### **Kommentar**

Søknad om reisefølgje og tilsyn må sendast til skulen.

Tilsyn i samband med skuleskyssen er oftast aktuelt for elevar med skyss på medisinsk grunnlag.

Elevar som treng hjelp til klargjering før eller etter skyss (på- og avkleding, hjelp i trapper, oppgangar eller gardsplass) må få dette av føresette eller tilsette ved institusjon/elevens bustad/skule.

Elevar som kan ha trong for medisinering undervegs i transporten, må ha med følgje.

Transport av reisefølgje gjeld på same strekning som eleven. Dersom skulen ønskjer ekstra transport utover dette må det avtalast særskilt med transportør, og skulen vil vere ansvarleg for meirkostnadane. Reglane om reisefølgje og tilsyn gjeld også for elevar i friskular med til dømes lang/vanskeleg reiseveg og som må bytte transportmiddel.

#### **7.5 Innlosjering**

*Opplæringslova § 7-2*

Fylkeskommunen skal hjelpe til med å skaffe losji for elevar i vidaregåande skule som bur slik til, eller som har så lang veg, at dei ikkje kan nytte dagleg skyss til skulen. Om nødvendig skal fylkeskommunen bygge elevheim.

## **8 SAMORDNING**

### **8.1 Generelle reglar**

*Opplæringslova § 13-4, Marknader frå Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31 til § 13-4*

Der det er høveleg og hensiktsmessig (økonomisk gunstig) skal det vere felles ruter for ordinære passasjerar, elevar i grunnskulen og elevar i den vidaregåande skulen. Kravet til samordning gjeld òg for funksjonshemma og mellombels skada eller sjuke elevar.

Skulane skal i størst mogeleg grad samordne årsplanane og tidene for skulestart og skuleslutt, oppstart og avslutning av skuleåret, fridagar og feriar for å avgrense tal køyredagar. Dersom ein skule avvik frå den samordna årsplanen utan at dette er samordna med andre skular i same skyssregion, kan dette få konsekvensar for skuleskyssen.

Den enkelte skule må vere i dialog med Skyss/Kringom ved ønskje om endring i start- og/eller sluttid tillegast mogleg, men seinast innan 1. mars. Endringar etter fristen kan få konsekvensar for skuleskyssen, til dømes i form av lengre ventetid for elevane.

## **8.2 Informasjonsplikt**

Skulane og fylkeskommunen har plikt til å informere elevane om deira skyssrettar.

# **9. REGLAR FOR BRUK AV SKULEKORT**

## **9.1 Generelle reglar**

Alle elevar som blir innvilga gratis skuleskyss, og som nyttar offentleg transport, får tildelt eit skulekort for buss (ev. andre transportmiddel som båt, ferje). Skulekarta er tilpassa skuleruta og gjeld med følgjande avgrensingar:

- Korta kan nyttast til 2 reiser pr. skuledag med ev. omstiging
- Korta skal ikkje nyttast i helgar og feriar
- Korta gjeld for maksimalt 190 skuledagar

### **Kommentar**

Elevar med skulekort som sluttar, eller av andre grunnar går ut av skyssordninga midt i skuleåret, må levere inn skulekortet til skulen. Det er svært viktig at skulen melder frå til Skyss/Kringom om elevar som går ut av skyssordninga. Dette for at kortet skal bli sperra for vidare bruk og søknaden avslutta.

Når ein elev med skulekort endrar adresse eller byter skule må skulen sende melding til Skyss/Kringom.

## **9.2 Tap og feil på kort**

Ved tap eller feil på kort gjeld følgjande:

- Melding om tapte eller øydelagde kort skal meldast via skulen til Skyss/Kringom
- Eleven vil få utlevert nytt kort på skulen
- Kort som er meldtapt blir sperra og kan ikkje brukast seinare

## **9.3 Misbruk**

Ved misbruk eller ugyldig skulekort må ein betale tilleggstakst, jf. Transportvedtekter § 4 Tilleggstakst og kontroll av reisebevis.

# **10. VEDTAK OG KLAGEREITT**

*Forvaltningslova § 28, Opplæringslova § 15-2*

Vedtak om skuleskyss er eit einskildvedtak etter forvaltningslova. Vedtaket om fri skuleskyss kan klagast på av part eller dei med rettsleg klageinteresse. Frist for å klage er tre veker rekna frå den dagen eleven får melding om vedtaket.

Ei eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune v/Skyss eller Kringom, som vil handsame saka på nytt. Dersom vedtaket blir oppretthald og ikkje gjort om av Skyss/Kringom, blir saka sendt vidare til den fylkeskommunale klagenemnda som fattar endeleg vedtak.

Elevar og føresette har plikt til å gi skulen og fylkeskommunen den informasjon som er naudsynt for at det kan fattast vedtak om skuleskyss. Dersom eit vedtak er gjort på openbart feil grunnlag, kan fylkeskommunen gjere om vedtaket, jf. forvaltningslova sine føresegner.

Klageretten gjeld vedtak om retten til skuleskyss og organiseringa av skuleskyssen.